

## Til RNeF

### Årsrapport frå ”Knutepunktet for digital kompetanse i forvaltninga” v/Grete Netteland

Avtale mellom vårt knutepunkt og RNeF vart oppretta i byrjinga av januar 2009 med utgangspunkt i søknadsskisse frå november 2008. I løpet av våren har imidlertid knutepunktet, på eige initiativ samt etter tilråding frå RNeF, valt å spisse sin aktivitet mot helse- og omsorgssektoren, spesielt mot kommunenivået. Dette var eit strategisk val, med utgangspunkt i at kommunal helse- og omsorgssektor i rapportar frå KS i tida framover vil ha dei største utfordringane med omsyn til digital kompetanse, ikkje minst knytt til Samhandlingsreformen som no er på gang.

Knutepunktet har medlemmer frå DIFI, NTNU, VOX, UiB(Aksis), ITU, HSF og IKT-forum i KS.HSF er ansvarleg for knutepunktet. ITU har imidlertid pga av stort arbeidspress og sitt fokus på skule ønska å vere mindre aktiv denne hausten. NTNU (v/Arne Krokan) ønskjer å bli innkalt til møta, men veit ikkje i kor stor grad han har høve til å delta pga mykje ekstern aktivitet.

Knutepunktet har hatt tre møte denne våren: 26. jan, 6. mai og 25. juni. Sistnemnde møte skjedde på telefon. Arild Jansen har vore til stades på møta i Oslo og det har vore svært viktig i ein oppstartsperiode. Knutepunktet deltok også på seminaret i RNeF 5. mars. Det er lagt opp til nytt knutepunktsmøte 10. september, der vi har invitert NSF og Helsedirektoratet for å få meir innsyn i kunnskapsbehova innanfor Knutepunktet sitt ansvarsområde. Førebels har vi ikkje sett opp fleire møte for hausten, men ikkje usannsynleg vert det eit møte i nov/des.

Vi har gjennomført følgjande aktivitetar:

- Kartlegging av nasjonale føringar vedrørende digital kompetanse i helse- og omsorgssektoren, aktuelle måleinstrument for digital kompetanse (dk), kommunar som har gjennomført slike målingar med ulike verktøy og institusjonar/forskingstiljø som jobbar med feltet.
- Kartlagt kunnskaps-/forskningsbehov relatert til vårt ansvarsområde i sentrale rapportar
- Deltaking på eKommune 2012 - med stand og foldar som presenterte knutepunktet
- Oppretta wiki for knutepunktet – har ikkje oppdatert denne sidan mai (dessverre)

På Nokios-konferansen 2009 er Knutepunktet ansvarleg for workshop om dk i helse- og omsorg. Programmet er no klart. Det kan nemnast at leiar av knutepunktet er invitert til å delta i arbeidsutval og fagråd for fagplan i Helse IKT som er leia av KITH. Helsedirektoratet har løyvd noko midlar til dette arbeidet.

Vi ønskjer svært gjerne å utforme ein Verdikt søknad med utgangspunkt i den kunnskap vi no har tileigna oss, dei utfordringar som vert skissert i møtet med Helsedirektoratet / NSF 10. september og dei presiseringar som er gitt i Verdikt-programmet. Vi vil gjerne også delta på ein søknad dersom alle/nokre av knutepunkta går saman om ein søknad til dette programmet.

Planar for neste år har vi framleis ikkje lagt. Dette vil verte tema etter Nokios-konferansen; då trur vi at vi har fått ny input til å stake ut kursen.

Det har vore eit hektisk år – mykje å setje seg inn i, men eg opplever at vi er samstemte i det vi gjer. Eg ser og at det er vanskeleg å involvere interessante aktørar, som t.d. Arne Krokan ved NTNU, nettopp pga at feltet har stor merksemd og interessante aktørar er svært opptekne. Vi vil gjerne rette ein takk til Arild Jansen for god hjelp og interessante innspel så langt.